



Arkivnr: 2014/560-260

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		21.10.2016

Invitasjon til dialogforum mellom ungdomsrepresentanter og statsråden i BLD

Samandrag

På vegne av statsråd Solveig Horne ynskjer Barne- og likestillingsdepartementet å invitere ungdom frå heile landet til eit dialogforum. Dette har også vore gjort tidlegare år. Dialogmøta har medverka positivt til saker som departementet arbeider med. I møtet skal spørsmål som opptek barn og ungdom i Noreg i dag drøftast. Dei tema som skal diskuterast vert bestemt etter forslag frå deltakarane. Departementet ber difor dykk sende inn forslag til tema for dialogmøtet til departementet (postmottak@bld.dep.no). Framlegg til tema bør vere dei i hende innan påmeldingsfristen **24. oktober**. I fjar var tema medverknad og innflytelse, flyktningsituasjonen og integrering, psykisk helse og skule.

Det inviterast ein ungdomsrepresentant frå kvart fylke, anten frå Ungdommens fylkesting, eller tilsvarande representativt forum.

Departementet ber om å få namn, e-postadresse og telefonnummer på deltakarane innan **24. oktober**. Disse vil då kunne bli kontakta om både tema for dialogforumet og praktiske spørsmål.

Arrangementet finn stad **onsdag 23. november 2016**, kl. 14.00 til 16.00 i Regeringskvartalet, Akersgata 59. Forut for møtet med statsråden inviterast dykk til lett servering frå kl. 13.00 til 14.00 same stad.

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval ønskjer å delta på dialogforumet og vert representert ved

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.